

Notat

Dykkar dato: Vår dato: 10.11.2021
Dykkar ref: Vår ref: 2021/608 -
Arkiv: 12530/2021
Sakshandsamar: 150
Trond Salmo

Til:
Ordfører

Tilleggsnummer til statsbudsjettet

Ny regjering har lagt inn følgjande endringar i tilleggsnummeret til statsbudsjettet:

Konklusjon

Tilleggsnummeret betrar budsjettet til Fitjar, ut frå dei opplysingar som er tilgjengeleg, med:

	2022	2023	2024	2025
Sum	-1 681 000	-2 231 000	-2 896 000	-2 896 000

Det er her ikkje teke høgde for forventa auke i tilskot forbindelse med fordeling barnevernsreform.

Rammetilskot

	Konsekvens for Fitjar i tusen
Auke rammetilskot	1 259
Redusert makspris	187
Redusert pensjonspåslag private barnehagar	- 100
Ikkje ekstra naturfagtime	- 70
Rh immunisering	1
Red. rammetilskot som følgje av auke skatt	- 1 468
Per skule	1 500
<u>Uttrekk som følgje av tilskot per skule</u>	<u>- 729</u>
Sum	580

Rådmannen har ikkje lagt inn redusert folketal 1/7-22.

Endring i skatteinngang

I tilleggsnummeret oppjusterer regjeringa skatteinngangen med 2,5 mrd. Fitjar sin del av desse inntektene er 1,37 mill. med dei føresetnadar om folketalet 1/1-22.

Ressurskrevjande tenester

Reversering av ekstraauke i innslagspunkt gjev Fitjar 250 000,- meir i øyremerkte tilskot.

Kompensasjon over rammetilskotet for barnevernsreforma, som vert fordelt etter særskild fordeling

Denne vert tidlegast klar frå regjeringa i neste veke.

Fitjar fekk ikkje fordelt midlar opphavleg budsjett, og kan vera omfatta av feilen som regjeringa har oppdaga.

Redusert makspris i barnehage

Redusert inntekt Fitjarstølane barnehage 88 000,-.

(Redusert makspris slår og inn på berekninga av tilskot til dei private barnehagane, estimert til 397 000,-. Denne berekninga er del av neste punkt.)

Tilskot til pensjon i private barnehagar

Utdanningsdirektoratet har komme med nye kapitalsatsar etter rådmannen sin presentasjon av budsjettet. Det er ein monaleg auke ut over prisstiging på dette tilskotet.

Ny regjering senkar tilskotet frå 11 % til 10 %, men med ei overgangsordning for enkeltstående barnehagar (12 % som vert redusert med 1 % poeng til dei er nede i 10 %). Tre av dei private barnehagane får auka pensjonspåslag i 2022, frå 11 % til 12 %. I 2024 vil alle barnehagane få 10 % påslag, etter ein årleg trinnvis reduksjon med 1 prosentpoeng.

Satsar vert:

Små born (10 %)	213 782,-
Store born (10 %)	102 096,-
Små born (12 %)	218 213,-
Store born (12 %)	104 558,-
Kapitaltilskot	9 600,-
Kapitaltilskot (14-16)	17 100,-

Totalt vil tilskotet til dei private barnehagane auke med 466 000,- i 2022.

I 2023 vil tilskotet bli redusert med 35 000,- i høve til økonomiplanen, og i 2024 og 2025 blir det redusert med ca. 700 000,-.

Ekstratime naturfag

Reversering av dette framlegget gjer at ein kan ta ut tiltaka i budsjettet, og innsparinga vert:

2022: 3 * 11 7515,-	35 000,-
2023 – 25: 3 * 28 100,-	84 000,-

Oppsummering

I tabellform vert endringane me kjenner til slik:

	2022	2023	2024	2025
Rammetilskot	-580 000	-580 000	-580 000	-580 000
Skatt	-1 370 000	-1 370 000	-1 370 000	-1 370 000
Tilskot ress.tenester	-250 000	-250 000	-250 000	-250 000
Makspris komm. BH	88 000	88 000	88 000	88 000
Tilskot private BH	466 000	-35 000	-700 000	-700 000
Bortfall ekstra naturfagtime	-35 000	-84 000	-84 000	-84 000
Sum	-1 681 000	-2 231 000	-2 896 000	-2 896 000

I rammetilskotet er det ikkje tatt inn forventning om auke knytt til rettingar som følgje av feilen i fordeling barnevernsreform.

Det er ikkje lagt inn reduksjon i rammetilskotet som følgje av folketalsnedgang. Dersom ein forventar til dømes 3 120 innbyggjarar 1. juli 2022, vil rammetilskotet bli redusert med 1,0 mill. frå 2023 (Fitjar får 33 641,- i snitt per innbyggjar i 2022).

Med helsing

Svein Dale Soleng
Konstituert rådmann

Trond Salmo
økonomisjef

